# P R O T O K O L L

| REGIONUTVALG NORD-NORGE | | |
|---|---|---|
| **Møtested:** | Radisson Blu Hotel i Bodø | |
| | | |
| **Dato/tid:** | 14. mars 2019 kl 10.45 – kl 16.00 | **Protokoll: 01/19** |
| | | |
| **TIL STEDE:** | | |
| **Arbeidsutvalg Nord-Norge:** | Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Fred Tore Fagereng, Bjørn Arne Skoglund og Bente Børsheim. | |
| **Regionutvalg Nord-Norge:** | Pål Danielsen, Stine Jelti, Jan Håland, Dan Vidar Rasmus, Dan Rune Larsen, Morten Fredriksen, Per Johnny Lyngmo, Paul Johansen, Johan Fredrik Høyer, Kristian Rognli, Marion E. Alvestad, Elisabeth Salo, Jens Olav Løvlid, Asbjørn Hansen, Roger Simonsen, Glenn Rainer Thomassen, Anders Stavrum Larssen, Grete E. Arntsen, Tone Rubach, Anne Guro Dahle, Fred Tore Fagereng, Knut Joakimsen, Bjørn Arne Skoglund, Leif-Kåre Halvorsen, Ole Martin Kristoffersen, Ragnhild Engan, Ole Magne Berg, Øyvor Åsbakk, Trine Rølvåg, Frøydis Forsmo, Hans Elling Angell, Kjell Magne Sandmo, Aleksander Lillevik, Liv Kari Huskebakk, Merethe Hjerpbakk, Kåre M. Gjesbakk, Skjalg Nordås, Endre Østbø, Hugo Mørk, Olaf Paulsen, Lene Borgan, Peter D. Nikolaisen, Eirik Alexandersen Bjørnsgård, Håvard Knygh, Bjørn Torstein Arnes, Bernt Andreassen, Roy Harry Dypaune, Bernt S. Skarstad, Lillian Sæterstad, Lisa Juliussen, Siv T. Gulbrandsen, Einar Båfjelldal og Frode Bjørnå. | |
| **Valgkomité Nord-Norge:** | Jan Håland og Tormod Nilsen | |
| **Andre:** | Berit Hundåla (sentral valkomité) | |
| | | |
| **Forfall:** | Bjørn Tore Søfting (vara Pål Danielsen møtte), Kristian Olaussen, Endre Borch (vara Johan Fredrik Høyer møtte), Jan-Tore Aronsen, Sunniva Skogan, Martin Ness (vara Asbjørn Hansen møtte), Bernhard Halvorsen, Birgitte Rørvik Bruun, Randi Bruun, Glenn Peter Knædal, Bjørn Vilhelmsen, Jørn Ellingsen, Erling Rune Tømmervik, Ynge Herigstad (vara Lene Borgan møtte), Anne-Maren Govasli, Roger Elvheim Fredriksen, Lena J. Steinslett (vara Einar Båfjelldal møtte), Ajna Nystad (regional valkomité), Øyvind Knapstad (regional valkomité), Liv Julie Wågan (kontrollkomitéen), Hanne Jonassen Harila (gjest) og Torstein Hanssen (gjest) | |
| | | |
| **Konsernstyret:** | Trine Hasvang Vaag | |
| **Administrasjonen:** | Hans Thorn Wittussen, Svein Inge Jakobsen og Brit Kari Eidseflot Hauger | |
| | | |
| **Referent:** | Brit Kari Eidseflot Hauger | |

| Sak nr | Sak |
|---|---|
| 1 | **Konstituering av møtet**<br>Svein Slåtsveen ynskte velkomen og føretok opprop.<br><br>Ingen merknader til innkalling og sakliste.<br><br>**<u>Vedtak:</u>**<br>**Innkalling og sakliste vart godkjent.**<br>**Frøydis Forsmo og Peter Nicolaisen vart valt til å godkjenne protokoll saman med møteleiar.** |
| 2 | **Årsmelding og rekneskap for Nortura SA**<br><br>Brit Kari ga ei oppsummering frå kretsmøta si behandling. |

| | |
|---|---|
| | Trine orienterte om årsresultat EBITDA 2018, utvikling i EBITDA for Nortura konsern frå 2017 til 2018 – kva har dratt ned og kva har dratt opp. Utvikling i datterselskap. 3 hovudpunkt for 2018: Lågare sal av Gilde-produkt, heilårseffekt distribusjonsomlegging og forbetringsprogrammet. To år utan rentebetjening og ingen utbetaling av medlemskapital. Aktuelle saker som inntransport og industristruktur, NOVA og SAP, og ny konsernsjef.<br><br>Svein tok fram uttalen som er vedtatt i 17 av 27 kretsmøter, og framheldt at produksjonen av Thulefjord er redusert. Forbrukar etterspør regionale produkt. Andre aktørar står parat til å ta denne hylleplassen. Ynskte at RU-møtet gjorde likelydande vedtak som i kretsane:<br>Strukturendring og sentralisering av produksjon og foredling:<br>• RU Nord merker seg med bekymring at nordnorsk foredling av regionens råvarer flyttes fra regionen og til sentrale anlegg.<br>• Vi ønsker derfor at Nortura ser verdien og styrken i at regionale råvarer foredles og distribueres i regionen, med de kvaliteter og miljøfordeler dette gir. Samtidig vil en satsing på økt lokal foredling gi et positivt signal til eierne.<br>• I region nord har vi allerede produkter som Thulefjord, Vegagris og Polarlam som er ønsket av forbrukeren. Dessverre har markedsføringen av disse blitt nedprioritert, produksjonen er redusert og varene uteblir i hyllene.<br>• Tema har vært oppe tidligere og vi ser med bekymring på utviklingen.  Når miljø og kortreist mat står i fokus blant forbrukere og organisasjoner, kan ikke Nortura velge å overse disse fakta. Vi mener at et sterkere fokus på lokal regional foredling vil komme selskapet til gode.<br>• Vi ber derfor styret og administrasjonen komme med en plan for økt regional foredling, distribusjon og salg av kortreiste kvaliteter.<br><br>Eigne vedtak gjort i felles kretsmøte for 11 Midt-Troms og 12 Astafjord, og felles kretsmøte for 13 ETS, 14 Narvik/Ballangen og 15 Ytre Sør-Troms sendast med som vedlegg.<br><br><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Tormod Nilsen, Bjørn Torstein Arnes, Jens Olav Løvlid, Glenn Rainer Thomassen, Bernt Skarstad og Berit Hundåla.<br>• Har reduksjonen i sal av Gilde-produkt samanheng med mindre reklame?<br>• Tek kjedene ut meir avanse på våre merkevarer enn sine eigne? Kor stor andel av eigenkapitalen utgjer medlemskapitalen?<br>• Seier seg sjølv at kjedene ikkje kan prise t.d. svineribbe lågare enn dei gjer no.<br>• Coop prisar Gilde sin kjøtdeig langt høgare enn Rema gjer.<br>• Styret gjer ein god jobb, i grensesnittet næring og marknad. Kvifor er du den rette styreleiaren for å dra dette vidare?<br>• Viktig at vi har nordnorsk produksjon og foredling. Har aldri forstått namnet Thulefjord, kvar er det? Må vere noko som kan definere det nordnorske á la Polarlam og Vegagris.<br>• Dette er eit viktig signal frå Nord-Norge, og eit spm om sjela til Nord-Norge. Endring av struktur skulle starte i region Nord, og så rullerast ut i resten av landet. Har stoppa opp, med struktur for slakting i søraust-Norge som må takast grep på. Er i rasjonaliseringa det ligg pengar.<br>• Industrien i regionen er optimalisert på slakting. Vi treng sterkt samvirke, og samvirke treng bøndene. Vi vil bidra positivt i konsernrekneskapet. Nortura må ikkje verte dekk- og dieselselskap, vi må tenke omdømme. Bøndene i Nord-Norge vert trekt for industriulempe. Dette trekket kan brukast for å skape aktivitet i region Nord. Har dei beste råvarene og dei flinkaste bøndene og ansatte i regionen. Heilt uaktuelt å redusere og fjerne Thulefjordserien, samt dei andre polarprodukta.<br><br>Trine kommenterte og svarte på spørsmåla.<br><br>**<u>Vedtak:</u>**<br>**Regionutvalet tek gjennomgangen av årsmelding og rekneskap, samt oppsummeringa frå** |

| | |
|---|---|
| | **kretsmøta til orientering.**<br><br>**Strukturendring og sentralisering av produksjon og foredling:**<br>• **RU Nord merker seg med bekymring at nordnorsk foredling av regionens råvarer flyttes fra regionen og til sentrale anlegg.**<br>• **Vi ønsker derfor at Nortura ser verdien og styrken i at regionale råvarer foredles og distribueres i regionen, med de kvaliteter og miljøfordeler dette gir. Samtidig vil en satsing på økt lokal foredling gi et positivt signal til eierne.**<br>• **I region nord har vi allerede produkter som Thulefjord, Vegagris og Polarlam som er ønsket av forbrukeren. Dessverre har markedsføringen av disse blitt nedprioritert, produksjonen er redusert og varene uteblir i hyllene.**<br>• **Tema har vært oppe tidligere og vi ser med bekymring på utviklingen. Når miljø og kortreist mat står i fokus blant forbrukere og organisasjoner, kan ikke Nortura velge å overse disse fakta. Vi mener at et sterkere fokus på lokal regional foredling vil komme selskapet til gode.**<br>• **Vi ber derfor styret og administrasjonen komme med en plan for økt regional foredling, distribusjon og salg av kortreiste kvaliteter.**<br><br>**Eigne vedtak gjort i felles kretsmøte for 11 Midt-Troms og 12 Astafjord, og felles kretsmøte for 13 ETS, 14 Narvik/Ballangen og 15 Ytre Sør-Troms sendast med som vedlegg.** |
| 3 | **Konsernsjef og styreleiar sin time**<br><br>Hans Thorn Wittussen orienterte om kva no etter konstitueringa. Nortura som bondens selskap. Hovudretning på arbeidet. Eit meir marknadsorientert Nortura. Vi må bevise stabil høg leveringsprestasjon. Sentrallagera til Asko, Coop og Rema – berekraftig distribusjon er viktig. Årleg effekt frå Forbetringsprogrammet. Forenkling ved oppdeling i forretningsområde og reduksjon i indirekte kostnader. Redusert og rett sortiment, frå 2 300 til 1 100. Varene som vert behelde stod for 97% av både sal, dekningsbidrag og vekt i fjor, medan varer som vert sanert stod for 14 % av svinnet. Industristruktur med mogeleg retning. Eggavtalen med Rema. Medlemstilfredsheit og omdømme. Inntransport.<br><br>Spørsmål/kommentarar frå fylgjande: Bjørn Torstein Arnes, Jens Olav Løvlid, Skjalg Nordås, Bente Børsheim, Per Jonny Lyngmo, Olaf Paulsen, Asbjørn Hansen og Jan Håland.<br>• Viktige avveiingar no, på kor mange produkt vi skal ha og kor mykje tillegg vi gjev på avrekninga. Må tole ein reduksjon i den situasjonen selskapet er no, men viktig med informasjon. Heilt på trynet når eigarar krev sin faste dyrebilsjåfør eller kva type bil som kjem.<br>• Hender at butikk ikkje får varer pga av at kjeda ikkje har bestilt varer til sitt sentrallager.<br>• Frå ASKO sitt sentrallager går varene til Kiwi på tog opp gjennom Sverige?<br>• Kjedene sine sentrallager er stikk i strid med samvirketanken, som kan ende med færrast mogeleg produsentar.<br>• Vi har eit godt kort på handa, og det er miljø. Viss vi seier høgt til media kva vi vert tvungne til å gjere, vil det kunne påverke kjedene. Det må vi som tillitsvalde kunne seie, ikkje adm.<br>• Er trenden no at ingen vil betale prisen på maten. Kjedene vil vinne kampen tvert, med t.d. lastebilar på straum.<br>• Vi er inne i ein kamp som Gartnerhallen tapte for nokre år sidene, der kjedene vil ha makta i heile verdikjeda. No må samvirke stå saman.<br>• Er negativt miljømessig. Vi må saman med TINE få til meir miljøvenleg og kortare distribusjon.<br>• Er vara solgt når ho ligg på kjedene sitt lager?<br>• Kvifor skal vi ta all risikoen?<br>• Kriteria for å ta bort varekodar: Ser vi berre på sal eller også konsekvensar av å ta bort |

<table>
<tr><td></td><td>
<ul>
<li>foredling slik at det berre vert slakting i region Nord? Vegagris var ein vinn-vinn for å utnytte råstoffet vi har i region Nord.</li>
<li>Var Nortura billegare enn Den Stolte Hane til Coop?</li>
<li>Sentralbanken kunngjorde då dei hadde sitt årsmøte at dei ikkje hadde raudt kjøt på menyen</li>
<li>Kvifor er ikkje tanken om å bygge nytt i sørvest (Kviamarka) gitt opp? Må styre unna dei som bygde Hærland då.</li>
</ul>
Hans Thorn og Trine kommenterte og svarte på spørsmåla.
</td></tr>
<tr><td>4</td><td>
Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Nord, samt Drift<br>
Svein Inge Jakobsen orienterte om samhandling i verdikjeda, utvikling tilførslar hittil i år og ny metode for klassifisering storfe. Prosjekt på framtidas inntransport med målbilete og korleis det skal nåast, samt innsparingspotensiale. Nortura er ein viktig aktør i nord med sine spesialitetar. Status polarlam og Thulefjord. Sal av sau på medlemskjøp. Omsetning medlemsbutikk.<br><br>
<u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Bernt Skarstad, Jan Håland, Jens Olav Løvlid, Knut Joakimsen, Fred Tore Fagereng, Bjørn Torstein Arnes og Hugo Mørk.
<ul>
<li>Har du status på kor det går å få vekt på livdyrbil?</li>
<li>Fordyrar kravet om køyre- og kviletid mykje?</li>
<li>Dei store bilane slit med å kome til alle plassar. Inneber det at vi som eigarar også må gjere tilpassingar?</li>
<li>Polarlam er eit vellukka produkt. Kan vi gjere tilsvarande i dei andre kjedene?</li>
<li>Har vi potensiale for å få selt meir Thulefjordpålegg dersom det vert slica?</li>
<li>Korleis kan vi ha sug etter varene når vi ikkje har sal til kjedene?</li>
<li>Folk etterspør sau i butikk, men finn dei ikkje. Meiner vi sagar av greina vi sit på med medlemsbutikk, for lokale butikkar på Bjerka tapar sal pga den.</li>
<li>Medlemsbutikken på Bjerka spør ikkje etter leverandørnummer.</li>
</ul>
Svein Inge kommenterte og svarte på spørsmåla.
</td></tr>
<tr><td>5</td><td>
Open post/lokale saker<br>
Svein opplyste om at det hadde kome inn sak frå Morten Fredriksen vedk flytting av teljedato for sau, som innspel til jordbruksforhandlingane. Denne vert sendt vidare til fagutval småfe.<br><br>
<u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Johan Høyer, Knut Joakimsen, Kåre Gjesbakk, Per Johnny Lyngmo, Bernt Skarstad, Lillian Sæterstad, Frøydis Forsmo, Olaf Paulsen, Roy Harry Dypaune og Bjørn Torstein Arnes.
<ul>
<li>Med større bilar/ekvipasjar må det takast høgde for at vi vert meir sårbare dersom havari. Kva er årsaka til at Thulefjord ikkje kan ha Gilde-logo?</li>
<li>Halalslakt: Eit lite slakteri Vesterålen slaktar sau og villsau. Har der ein muslim som les ei bøn i avlivinga, og sel til folk som kjem heilt frå Tromsø for å kjøpe. Det må vel også Nortura få til?</li>
<li>Har vi beredskap dersom noko skjer på eit slakteri og det må stengast? Korleis vert det med stopp-satsane med større bilar?</li>
<li>Vert det sett i gang kurs i Nord-Troms og Finnmark på tema framfôring av storfe for å ta vare på oksekalven? Marknaden i Europa utnytta med eksport av fenalår?</li>
<li>Dyretransportørane har eg aldri hatt problem med, gjer ein fantastisk god jobb og er gode ambassadørar.</li>
<li>Kva vert gjort for å unngå skyving av lam til hausten igjen? Var skyving pga av at sesongarbeidarar i sør vart sendt heim tidleg, kan ikkje vi heller sende dyr sørover?</li>
<li>Har vi feila på distribusjon? Sagt nei takk til distribusjon saman med TINE, kan det sjåast på? Er binding av straumpris gjort i Nortura? Medlemskjøp på butikk kan utnyttast med</li>
</ul>
</td></tr>
</table>

| | |
|---|---|
| | handle til mange venner, men også fordel å kunne gjere det. Heng igjen mykje feil på avrekning etter overgangen til SAP.<br>• Er det gjort kartlegging av behov for større bilar til inntransport? Nødslakt Bjerka verkar å ha stor arbeidsbelastning, for det er stor gjennomtrekk av slaktarar.<br>• Klassifisering storfe, kva skjer om det er brukt gardsokse? Inseminør ikkje har registrert insemineringa?<br>• Kven i Nortura har bestemt at vi skal kjøpe aksjar i flyplass på Mo? Når eg kjøper smågris er det ikkje fraktbrev med. Har sendt brev om inntransport smågris. Vil at all transport og fakturering skal skje gjennom Nortura. Har mottatt leveranse på smågris med feil antal.<br><br>Svein Inge, Hans Thorn, Trine og Endre kommenterte og svarte på spørsmåla. |
| **6** | **Val**<br>Det var 53 stemmeberettiga tilstades. Jan Håland la fram valkomitéen si innstilling.<br><br><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Jens Olav Løvlid<br>• .Honnør til valkomitéen for representasjon frå Troms.<br><br>**Leiar i arbeidsutvalet**: Svein Slåtsveen, Lebesby, attval for 1 år.<br>Valet var skriftleg og Svein Slåtsveen vart valt for 1 år med 50 stemmer, 3 blanke.<br><br>**Nestleiar i arbeidsutvalet**: Endre Østbø, Dønna, attval for 1 år.<br>Valet var skriftleg og Endre Østbø vart valt for 1 år med 53 stemmer, ingen blanke.<br><br>**Medlemar i arbeidsutvalet:**<br>**Arbeidsutvalsmedlem:** Tone Rubach, Harstad, ny for 2 år.<br>**Arbeidsutvalsmedlem gris:** Bente Børsheim, Vega, attval for 2 år.<br>**Arbeidsutvalsmedlem egg:** Bjørn-Arne Skoglund, Andøy, attval for 2 år.<br><br>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.<br><br>Øvrige arbeidsutvalsmedlemar var ikkje på val:<br>Arbeidsutvalsmedlem storfe: Fred Tore Fagereng, Bø.<br>Arbeidsutvalsmedlem småfe: Ragnhild Engan, Hamarøy.<br><br>**Varamedlemar til arbeidsutvalet:**<br>**Vara arbeidsutvalsmedlem storfe:** Hanne Jonassen Harila, Vadsø, ny for 1 år<br>**Vara arbeidsutvalsmedlem småfe:** Glenn Knædal, Andøy, attval for 1 år<br>**Vara arbeidsutvalsmedlem gris:** Håvard Knygh, Sømna, attval for 1 år<br>**Vara arbeidsutvalsmedlem egg:** Torstein Hanssen, Alstahaug, ny for 1 år<br>**Vara arbeidsutvalsmedlem:** Sunniva Skogan, Balsfjord, ny for 1 år<br><br>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.<br><br>**Utsending til årsmøtet, i tillegg til arbeidsutvalet:**<br>Hanne Jonassen Harila, Vadsø, ny for 2 år.<br><br>Ho vart samrøystes valt for oppført periode.<br><br>**Varautsendingar til årsmøtet:**<br>1. Sunniva Skogan, Balsfjord, ny for 1 år<br>2. Glenn Knædal, Andøy, attval for 1 år<br>3. Håvard Knygh, Sømna, attval for 1 år<br>4. Torstein Hanssen, Alstahaug, ny for 1 år |

| | |
|---|---|
| | Alle vart samrøystes valt for oppført periode.<br><br>**Valkomité i regionutvalet:**<br>Morten Fredriksen, Nordreisa, ny for 3 år<br>Liv Kari Huskebakk, Nesna, ny for 3 år<br>John-Inge Henriksen, Porsanger, ny for 2 år (suppleringsval for Erling Rune Tømmervik som hadde trekt seg)<br><br>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.<br><br>Øvrige valkomitémedlemar var ikkje på val:<br>Ajna Nystad, Skånland<br>Tormod Nilsen, Tana<br><br>**Leiar i valkomitéen:**<br>Tormod Nilsen, Tana, samrøystes valt for 1 år<br><br>**Nestleiar i valkomitéen:**<br>Morten Fredriksen, Nordreisa, samrøystes valt for 1 år<br><br>**Varamedlemar til valkomité i regionutvalet:**<br>1. Olaf Paulsen, Herøy, for 1 år<br>2. Nomi Anine Olsen, Tana, for 1 år<br>3. May Hege Bårdsen, Tromsø, for 1 år<br><br>Alle vart samrøystes valt for oppført periode. |
| **7** | **Orientering frå årsmøtet sin valkomité**<br>Berit Hundåla orienterte om valkomitéen sitt forslag.<br><br>Ingen spørsmål/kommentarar. |
| **9** | **Arbeidet i kretsane og regionutvalet**<br>Svein orienterte om arbeidet i arbeidsutvalet, m.a. med oppgåver for fri AU-medlem. Vidare om facebook-gruppa for tillitsvalde, og om status for pilotprosjektet Ny Giv i kretsarbeidet. Viktigare enn nokon gong med kretsarbeid. Brit Kari vil ha handlingsplan frå kretsane innan 1. mai.<br><br>Spørsmål/kommentarar frå fylgjande: Jens Olav Løvlid, Hans Elling Angell, Bjørn Torstein Arnes og Roy Harry Dypaune.<br>• Balsfjordmessa siste helga i juni reknar vi med at det vert ekstra ressursar til?<br>• Vert det ingen i styret som har tilknyting til småfe no etter valkomitéen sitt forslag?<br>• Møter 1. vara til styret fast eller berre ved forfall? Har Nortura diskutert støtte til pelsdyrnæringa?<br>• Utgjer slakteavfall til pelsdyrnæringa eit stort volum som no skal finnast ny avsetning for?<br><br>Brit Kari, Svein Inge, Berit og Trine kommenterte og svarte på spørsmåla. |

Svein Slåtsveen
(sign.)

Frøydis Forsmo
(sign.)

Peter Nicolaisen
(sign.)